

# **Samfunnsanalyse**

**Utviklingsprosjektet for Leikanger, Luster og Sogndal (LLS)**

Prosjektleiar Tore Frimanslund, Sogn Nærings AS

## **SAMANDRAG**

Utviklingsprosjektet for Leikanger, Luster og Sogndal er ein del av Byregionprogrammet til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Denne rapporten omhandlar samfunnsanalysa frå fase 1 som vert avslutta i april 2015. Rapporten konkluderer med framlegg til tema som skal ligge til grunn for søknad til fase 2.

## Innhold

---

<b>Del I – Bakgrunn og struktur for analysen.....</b>	<b>4</b>
Nettverksbygging.....	4
Forskning .....	4
Prosessleiring .....	4
Metode.....	5
<b>SAFe-metoden – sjekkpunkt for valg av tema.....</b>	<b>5</b>
Passer temaet? (Suitability) .....	5
Vil det valte tema verte aksepterte? (Acceptability) .....	5
Er det gjennomførbart ? (Feasibility) .....	5
<b>Relevante kriterier for valg av tema.....</b>	<b>5</b>
Passe.....	5
Være akseptabelt .....	6
Være gjennomførbart .....	6
<b>Framlegg til tema .....</b>	<b>6</b>
<b>Del II - Kunnskapsinnehenting fra møter med næringslivet .....</b>	<b>7</b>
<b>Referansegruppemøte .....</b>	<b>7</b>
Hensikt .....	7
1. Analyse av flyttestraumar .....	7
2. Politiske vedtak som stimulerer lokal industri.....	8
3. Bustadspolitikk.....	9
4. Vekstpotensial i offentlig sektor på Leikanger.....	10
5. Høgskulen i Sogn og Fjordane – status og utfordringar.....	11
6. Anna.....	11
Konklusjon.....	11
<b>Bedriftsbesøk Leikanger - Njøs Næringsutvikling (NNU) .....</b>	<b>12</b>
<b>Bedriftsbesøk Leikanger - NAV .....</b>	<b>13</b>
<b>Bedriftsbesøk Sogndal - Vestlandsforskning (VF).....</b>	<b>14</b>
<b>Bedriftsbesøk Sogndal - Nortura .....</b>	<b>15</b>
<b>Bedriftsbesøk/referansegruppесamling Luster - NTP .....</b>	<b>16</b>
<b>Bedriftsbesøk/referansegruppесamling Luster - Digital Etikett.....</b>	<b>17</b>
<b>Bedriftsbesøk/referansegruppесamling Luster - Massiv Lust.....</b>	<b>18</b>
<b>Bedriftsbesøk/referansegruppесamling Luster - Gaupne Hotell .....</b>	<b>19</b>
<b>Studie- og nettverkstur til Dublin .....</b>	<b>20</b>
<b>Erfaringar frå ByR-nettverksamlingane .....</b>	<b>22</b>
Samanfatning frå nettverkssamlingane .....	23
<b>Oppsummering.....</b>	<b>24</b>
<b>Del III - FoU-rapport .....</b>	<b>25</b>
<b>Presentasjon av relevant forskning .....</b>	<b>25</b>
Folketalsvekst .....	25
Kva skal til for å auka tilflyttinga til regionen? .....	26
Folketalet etter alder .....	27
Forventa folketalsvekst.....	28
Næringsliv .....	29
<b>Samandrag av forskningfunn .....</b>	<b>40</b>
<b>Del IV – Formalisering av tema og SAFe-metode .....</b>	<b>42</b>
<b>1. Identifiserte tema.....</b>	<b>42</b>

<b>2. Analyse.....</b>	<b>42</b>
Passar temaet? (Suitability) .....	42
Vil det valte tema verte aksepterte? (Acceptability) .....	43
Er det gjennomførbart ? (Feasibility) .....	43
<b>3. Valte tema til fase 2-søknad.....</b>	<b>43</b>
<b>Del V – Vegen vidare .....</b>	<b>44</b>
<b>Organisering.....</b>	<b>44</b>
<b>Finansiering.....</b>	<b>44</b>

## **Del I – Bakgrunn og struktur for analysen**

Samfunnsanalysen i prosjektet baserer seg på to ulike typar arbeid.

### **Nettverksbygging**

Først og fremst har vi ønska å møte eit breidt spekter av næringslivsaktørar med hensikta å avdekke kva utfordringar og behov desse har for sikring av drift, utvikling og vekst. Med andre ord, og jamfør prosjektmalten i Byregionprogrammet, skal vi avdekke flaskehalsar for verdiskaping i arbeidsmarknadsregionen som består av Leikanger, Luster og Sogndal.

I oppstarten satte vi ned ei referansegruppe beståande av tre-fire næringslivs- og sentrale samfunnsaktørar frå kvar deltagarkommune. Desse skulle representer følgjande næringstypar i regionen:

- Primærnæring
- Industri
- Offentlig sektor
- Bank og finans
- Undervisning
- Nyetableringar

I tillegg har eigar- og styringsgruppa samt prosjektadministrasjonen reist ut og besøkt åtte andre bedrifter i regionen. Her er vi fått eit grundig innblikk i kva som rører seg i kommunane, og kva framtidsutfordringar bedriftene står framfor.

Gjennom dette arbeidet har vi kartlagt og dokumentert ulike områder der skoen trykker for bedriftene, og som del fire av analysen tek for seg kan vi skimte fellesnemnarar i desse problemstillingane.

### **Forskning**

I del tre i denne rapporten legg vi fram Torbjørn Årethun si samanstilling av eksisterande relevant forskning på dei aktuelle områda.

Forskninga viser at samfunna og næringslivet i Sogn må forholde seg til endra rammer og vilkår dei neste åra grunna blant anna faktorar som befolkningsvekst, innvandring, eldrebølge eller omstilling i oljebransjen.

Forskninga peiker også på ulike utfordringar for regionen, og tiltak for å imøtekome dette. Desse punkta vil i denne analysen verte satt i samanheng med behova i del to, og utgjer grunnlaget for valg av tema til fase 2.

### **Prosessleiing**

Haakon Walnum er henta inn som prosessleiar frå Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Prosesseiing vart oppfordra frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet og Distriktsenteret som administrerer programmet. Som eit utviklingsprosjektet for 32 byregionar kan det i nokre tilfeller oppstå interessekonfliktar mellom regionssenter og

omliggande distrikt, noko som stiller krav til god inkludering, forankring av felles målsettingar og avklaring av interessekonfliktane.

## Metode

For søknaden til fase 2 bruker vi SAFe-metoden jamfør Distriktsenteret sine anbefalingar. Basert på arbeidet i del to og tre i denne analysen vil tema for fase 2 bli vurdert etter følgjande kriterier.

### SAFe-metoden – sjekkpunkt for valg av tema

#### Passer temaet? (Suitability)

- Adresserer temaet dei moglegheitane eller flaskehalsane som blei identifisert i samfunnsanalysen?

#### Vil det valte tema verte aksepterte? (Acceptability)

- Møter temaet deltakarkommunane sine forventingar?
- Vil temaet generere tilstrekkelig forplikting og eigarskap til å bli gjennomført?
- Er risikograden akseptabel?
- Er sannsynlig gevinst akseptabel?
- Vil deltakarkommunane akseptere valget?

#### Er det gjennomførbart ? (Feasibility)

- Kan temaområda verte finansiert?
- Eksisterer nødvendige ressursar og kompetanse?
- Kan nødvendige ressursar skaffast og integrerast?
- Modenheit for endring?

### Relevante kriterier for valg av tema

SAFe-metoden blei presentert og tatt i bruk på Verkstad for prosjekt- og prosessleiarar i 2. nettverkssamling i Byregionprogrammet. Med utgangspunkt i denne modellen har prosjekt- og prosessleiarane gitt relevante innspel til kva kriterier dei meinte var viktige ved valg av tema for fase 2:

Tema/samfunnsområde bør:

#### Passe

- respondere på samfunnsanalysen
- møte relevante behov
- være i tråd med strategiar i regionen, og være ein del av ein langsiktig strategi
- spele på styrke/kompensere svakheter

- forsterke eksisterande prosessar
- bygge grunnmur for meir kompliserte «byggverk»/seinare valg
- være framtidsretta

#### Være akseptabelt

- være viktig for heile regionen og for kvar enkelt kommune
- ha god og brei forankring
- være interessant for næringslivet i regionen
- bidra til at alle tener noko på det
- bygge godt samarbeidsklima og bidra til vidare tillit i prosjektet

#### Være gjennomførbart

- være mulig å påverke
- være bærekraftig og ha økonomisk vekstpotensial
- bidra til regionens vekstkraft, og føre til konkrete resultater på kort og lang sikt

#### Framlegg til tema

Denne samfunnsanalyesen vert oppsummert med framlegg til tema som skal ligge til grunn for søknaden til fase 2 i Byregionprogrammet.

## Del II - Kunnskapsinnhenting frå møter med næringslivet

### Referansegruppemøte

Dato: 25. juni 2014

Stad: Sogndal Lodge, Sogndal

Deltakarar:

Per Holen (Leikanger kommune)  
Trine Hjelhaug Lerum (Lerum)  
Olav Grov (Luster kommune)  
Olav Lunden (Leikanger kommune)  
Kjetil Kvale (KPSF)  
Terje Bjelle (HiSF)  
Arnstein Hauståker (SSF)  
Jostein Fondnes (DIFI)  
Egil Yttri (IN)  
Jarle Årvoll (Sogndal kommune)  
Halvor Gregussen (Rocketfarm)  
Per-Odd Grevsnes (Sogn Næring)  
Tore Frimanslund (Sogn Næring)

### Hensikt

Dette var det første møte med den referansegruppa i prosjektet. Hensikta var å få tilbakemeldingar og historiar på kvar skoen trykker for og kva utfordringar og behov deltakarane sit med. Før møtet var det lagt fram ulike retningar og samfunnsmål, blant anna med hjelp frå Distriktrssenteret, som referansegruppa kunne ta stilling til. Under samlinga vart desse drøfta, bearbeida og endra, og følgande fokusområder vart skilt ut som meir interessante.

### 1. Analyse av flyttestraumar

#### Bakgrunn:

Kva fører til intern migrering mellom regionen og resten av landet?

Kva kan være spesifikke, utløysande faktorar til at folk flyttar frå og til kommunane Leikanger, Luster og Sogndal?

Kvífor er Sogn så attraktivt for mange?

Korleis kan ein gjere seg meir attraktiv for såkalla «livsstilstiflyttarar»?

I følgje «Regional Analyse Sogn» som Knut Vareide og Hanna Nyborg Storm i Telemarksforskning utførde på oppdrag av Sogn Regionråd vil ein ved å behalde same bustadsattraktivitet som i dag få ein auke på 18,5% fram mot 2014. SSB sin middelframskriving seier på si side 12,8%. I følgje rapporten «Kampen om kompetansen – Innovasjon og rekrutteringsutfordringar i regionalt perspektiv» (Finn Ove Båtevik, Gro

Marit Grimsrud, Jon Gunnar Nesse, Etty R. Nilsen, Else Ragni Yttredal & Torbjørn Årethun) er bustadsattraktiviteten basert på (blant anna):

- Tilgang på kompetansemiljø
- Bustadspolitikk
- Nisjerekruttering
- Arbeidsmarknad

Kan ein derfor legge noko av dette til grunn for å karlegge, vidareutvikle og skreddarsy eigenskapar til vår arbeidsmarknadsregion som auker attraktiviteten?

#### *Diskusjon:*

Det vart informert om folketalsutvikling, flyttetal som gjeld for desse tre kommunane. Leikanger har høgst netto innanlandsk tilflytting. Regionen har lite netto innvandring. Spørsmål vart stilt ved innanlandsk innflytting, og kva ein kan gjere for å integrere dei (pdd.) 700 innvandrarane som vil busetje seg i regionen.

Me har mykje forskning liggende som dekkjer området. Blant anna har Sogn Regionråd hatt ein større undersøkelse på punkt om bustadspolitikk. Prosjektet må gi mulighet for å kjenne til kvarandre. Kunnskap om kvarande gir høve til å snakke kvarandre opp. Spørsmålet om korleis me skal rigge næringsapparatet i dei 3 kommunanae våre blei tatt opp for å tilrettelegge dette.

## 2. Politiske vedtak som stimulerer lokal industri

#### *Bakgrunn*

Det er eksempel på regionar i Skandinavia der til dømes kommune saman med næringslivet har vedtatt satsing på utvalde næringar. Dette gjeld ofte primærnæringar som gir auka aktivitet i næringslivet elles.

#### *Diskusjon*

(Ref. Distriktsenteret sitt eksempel fra Växjö). Rundt regionssenteret Växjö er det mykje treindustri. Her er det blitt vedtatt at noko nybygging i regionen skal skje med lokal trelast. Dette stimulerer lokal industri, gir fleire arbeidsplassar og synergieffektar utover.

Eit slikt tankeeksperiment treng ikkje nødvendigvis gjelde treindustri, sjølv om regionen her har både skogdrift og foredling av trevarer spesielt på Kaupanger og i Gaupne. I følge Distriktsenteret kan det også handle om korleis eksempelvis Lerum benytter lokal fruktproduksjon, og om ein kan gjere analysar med hensikt å avdekke tiltak som vil redusere driftskostnadane til fruktboendene. Konkrete eksempel er å undersøke om småkalaprodusentar kan dra nytte av maskinelle hjelpemiddel etter

modell frå ulike europeiske områder. Produsentar som Lerum vil på si side få konkurransefortrinn i at dei brukar lokale råvarer i større grad enn dei har mulighet til i dag, og Njøs Næringsutvikling kan hentast inn som fagmiljø.

### 3. Bustadpolitikk

#### Bakgrunn

Til å være kommunar som fremjar rurale kvalitetar har spesielt Sogndal og Leikanger ein relativ høg gjennomsnittlig kvadratmeterpris for bustader (hhv. 29.102,- og 22.826,- pr mai 2014) i forhold til andre lignande regionar. Kommunane er dermed på 1. og 4. plass i Sogn og Fjordane, og 2. og 13. plass om ein reknar med Hordaland og Bergen (kjelde: Finn.no). Det bør nemnast at grunna eit lite antall hus og leilegheiter til sals vil snittprisen variere mykje. Uansett er dette eit tegn på høg attraktivitet, men kan være ein ulempe med tanke på tilflytting, spesielt av unge og barnefamiliar, og rekruttering av nødvendig kompetanse. Tilflyttarar har valget om å busetje seg litt utanfor regionsskjernen og framleis ha kort pendleavstand til arbeidsplassen uansett om det er Luster, Leikanger, Lærdal eller Årdal, men då mister ein gjerne ein del urbane eigenskapar som eit regionssenter vil ha. Dette gjer seg spesielt gjeldande for barnefamiliar der fritidstilboda (idrett, musikk, og liknande) er relativt isolerte i kvar kommune, og det vil være mindre grad av samhandling på tvers av kommunegrensene. Dette er sett i lys av antagelsen om at ein stor andel tilflyttarar ynskjer ein god balanse mellom urbane og rurale kvalitetar.

Distriktscenteret lyster opp bustadpreferanser her:

<http://distriktscenteret.no/2014/02/19/boligpreferanser-distrikta/> (gjengitt under).

- Einebustaden er dominante og føretrekt buform, særleg blant småbarnsfamiliar.
- Kommunal bustadplanlegging betyr i hovudsak å legge til rette for bygging av einebustader.
- Situasjonen i dag er eit bustadtilbod med liten variasjon og manglande tilbod til grupper som ungdom, førstegongsetablerar og arbeidsinnvandrarar.
- For småbarnsfamiliar handlar bukvalitet særleg om barnevennlege omgjevnader: nær naturen og i sosiale nabolag med folk i same livsfase. Særleg tilbakeflyttarfamiliar buset seg gjerne utanfor kommunesenter-kretsen, men føresetnaden er at det finst barnehage- og skuletilbod i nærleiken.
- Arbeidsinnvandrarar som er komne i fastare arbeidsforhold har ønskje om å eige hus sjølv; rimelege einebustader som dei kan setje i stand sjølve.
- Arbeidsinnvandrarar som ikkje veit kor lenge dei blir buande, ønskjer å leige rimelege bustader, gjerne sentrumsnært. Blant unge eldre skjer det ei livsstils- og mentalitetsendring som har fått utslag i nye bustadpreferansar: Fleire tenkjer på flytting, eller har flytta, til meir sentrumsnære og lettstelte bustader. Ein viktig kvalitet er det sosiale bumiljøet og tryggheit
- Samstundes er det ei gruppe eldre som er opptekne av å bu lengst mogeleg i einebustaden.
- Distriktskommunane har hatt lite fokus på bustadutvikling dei siste åra

- Samstundes som kommunar og verksemder i distrikta er opptekne av å trekke til seg innbyggjarar og arbeidskraft, er det gjort lite strategiske vurderingar rundt bustadtilbodet
- Kommunen og private utbyggarar ser ut til å lite merksemdu særleg på bustadbehova til ungdom, unge vaksne, arbeidsinnvandrarar. Desse gruppene synast å falle mellom to stolar i bustadplanlegginga.
- Bustadutvikling skjer i samspele mellom kommunen og private utbyggarar, men samarbeidet synast å ha ei viss distanse.
- Utbyggarane etterlyser ein meir pro-aktiv og koordinerande innsats frå kommunen.
- Kommunen på si side er redd for å forfordele og å blande seg i private eigedomsforhold.

Spørsmål som reiser seg her er om Leikanger, Luster og Sogndal kan dra nytte av ein samarbeidande eller felles bustadpolitikk? Er det ein samfunnsmessig god og lønsam fordeling mellom tilbodet av einebustader og leilegheiter?

#### *Diskusjon*

Tilbakemeldingane var blanda frå prosjektgruppene. På eine sida vart det poengert at kommunane er på sidelinja. Ansvaret for bustadutforming er i full grad overført til private og tilbodet blir der etter. Kommunal utbygging må bruke meir kraft. Ekspropriering er ein mulighet, sjølv om det ikkje er så ønska.

Frå politisk hold var det uenighet i at det er hensiktsmessig å overføre meir av ansvaret til kommuane.

Sidan prosjektoppstart i mars 2014 har det blitt gjort tiltak som gjer denne problemstillinga mindre aktuell.

#### [4. Vekstpotensial i offentlig sektor på Leikanger](#)

#### *Bakgrunn*

Dei offentlige bedriftene på Leikanger sårbarer samanlikna med andre næringar i regionen (sjå omtale i fou-rapport i del tre).

#### *Diskusjon*

Skatteetaten vil kunne få auka arbeidsmengde som resultat av lovendring. Finanstilsynet (-departement?) har bedt om høyring, og vi bør være proaktive for å kapre arbeidsplassar til Leikanger. Me må vere obs på lekkasje frå offentlege arbeidsplassar internt i fylket. Det vart etterlyst større grad av samhandling mellom store og små aktørar. Det vert sagt at det offentleg er dominerande på Leikanger, og at dei må ta større ansvar for private næringar. Eksempelvis slik Difi bruker Rocketfarm som applikasjonsleverandør. Dette stimulerer til lokal næringsutvikling og vekst.

## 5. Høgskulen i Sogn og Fjordane – status og utfordringar

Det blir kvar år uteksaminert 600 studentar i Sogndal. Her er det eit stort potensiale for å halde på ein større del av desse ved å integrere dei i arbeidslivet på eit tidligare tidspunkt. Difi har som vane å engasjere studentar i sommarjobbar, og dette gir dei ein fot innafor arbeidslivet i regionen. Dersom me skal ta fleire studentar må fleire vere med å dra lasset. Studentar vert verande om dei får jobb jamfør undersøkjingar. Dette er ein rekrutteringskanal ein kan ta betre i bruk gjennom tettare kontakt med næringslivet.

## 6. Anna

Det vart etterlyst ein klar målsetning med prosjektet. Det er ønska at ein skal skape verdiar i regionen gjennom samhandling. Samtidig vert det sagt at verdiskapinga ikkje berre bør skje ved at bedrifter avgrenser marknaden innbyrdes i regionen, men at ein bør satse på meir handel utanfor regionen. Om framgangen i prosjektet vert det etterlyst ein plan over korleis me kan komme i gang. Foreslår å teikne eit kart over opprinnelig problemstilling med utgangspunkt til vegval.

I diskusjonen rundt korleis ein skal stimulere til nyskaping når det vert bevilgningskutt langs hos kommunale næringsfond, Innovasjon Norge og KPSF vert det påpeikt at det mangler privat risikokapital i regionen. Dette er gjennomgåande i denne regionen. Det vil mangle tilgang på både kompetanse og kapital, men at ein kan satse på lokale investeringsfond som kan riggast til for å løyse begge desse utfordringane. Innovasjon Norge er skeptisk til kva ein får til av næringsutvikling utover dei tilbuda som foreligg i dag.

## Konklusjon

Eigargruppa- og styringsgruppa har etter ein fruktbar diskusjon eit grunnlag for å styre inn prosjektet på eit nyttig og relevant fokusområde. Aktørane gav tilbakemelding om at samansetninga på møtet var godt. Det at offentlige og private aktørar på tvers av kommunegrensene kan møtast har ein verdi i seg sjølv. Forsлага til fokusområder som vart presentert i forkant av møtet vart vekta ulikt på møtet.

## **Bedriftsbesøk Leikanger - Njøs Næringsutvikling (NNU)**

Dato: 22. September 2014

Stad: Njøs

Deltakarar:

Jarle Aarvoll  
Ivar Kvalen  
Olav Lunden  
Per Holen  
Olav Grov  
Per Odd Grevsnes  
Tore Frimanslund  
Stein Mangnar Hjeltnes (NNU)

Eigar-/styringsgruppa og administrasjon vart tatt i mot på NNU sine lokaler på Njøs på Leikanger av dagleg leiar Stein Harald Hjeltnes. Gjennom eit føredrag med påfølgande diskusjonar fekk vi presentert ulike prosjekt, status og utfordringar for NNU.

### ***Hovedmoment:***

Prosjektgruppene fekk eit interessant innblikk i aktivitetene på Njøs. NNU kjører fleire prosjekt som går på utvikling av nye vekstar, nye produkt, økologisk dyrking, genetiske ressursar, kvalitetssystem og teknologiutvikling/-overføring for å auka verdiskapinga av frukt- og grøntsektoren i Sogn og Fjordane. Ein del av prosjekta nyttar seg av jord-areal, teknisk utstyr og veksthusplass på Njøs, medan andre prosjekt vert løyste hjå kundane. Njøs næringsutvikling skal også ta del i internasjonale prosjekt som kan gagna frukt- og bærnæringa i fylket.

Selskap som p.t. er etablerte på Njøs i tillegg til Njøs næringsutvikling, er Graminor, Sogn og Fjordane landbruksrådgjeving, Økoringen Vest, Gartnerhallen og Norsk fruktmuseum. Njøs frukt- og bærcenter ligg like ved kontora til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen region vest. NNU får ein del av midlane over landbruksoppgjeret.

NNU påpeiker at råvareverdien er høgare i Sogn og Fjordane grunna unike tilhøve i jordsmonn og klima, men at landsbruksareala i regionen er for lite utnytta. NNU har eit breidt fokus på å auke salet av frukt og bær. På ein ytterkant vert det nemnd at ein ser på korleis ein kan endre matpreferanser til innvandrarar som i utgangspunktet ikkje har norske frukt og bærsortar i sine ordinære kosthold.

### ***Erfaringar***

Inntektsmodellen til NNU er prosjektbasert. Dei største truslane mot framtidig drift av NNU er blant anna storindustriell konkurranse og reduserte bevilningars. På lik linje med andre offentlige aktørar på Leikanger er det nødvendig at det vert jobba inn mot sentralt hold for å sikre framtidig drift. I dag speler Nina Heiberg ei rolle i dette arbeidet.

NNU har ei viktig rolla parallelt med den øvrige primærnæringa i regionen. Dei har ansvar for innovasjon, effektivitetsforbetring og satsing på nye vekstar og produkt for

denne næringa. Gjennom dette arbeidet og gjennom klyngemedlemskap (f.eks Arena Frukt og Bær) tilfører dei auka konkurransefortrinn til primærnæringa.

Det er ønskelig frå NNU at ein arbeider tettare med kommunane i arbeidet for å halde på finansieringa og dermed aktiviteten. Ein metode er å sette politisk press inn i prosessan med bakgrunn i viktigheten av primærnæringa.

Andre utfordringar:

- Det kan være utfordrande å få små aktørar til å samarbeidet. Aktørane ligg ofte geografisk spredt og har manglande incentiv for samarbeid.
- Frukt- og bærskader utgjer ein usikkerhet i inntekta for bøndene.
- Næringa er ofte prega av eldre bygningsmasse. Det kan være vanskelig å sikre nyinvesteringar og renoveringar.
- Rekruttering til næringa er vanskelig i Sogn og Fjordane.

## **Bedriftsbesøk Leikanger - NAV**

Dato: 22. september 2014

Stad: NAV-bygget, Leikanger

Deltakarar:

Jarle Aarvoll  
Ivar Kvalen  
Olav Lunden  
Per Holen  
Olav Grov  
Per Odd Grevsnes  
Tore Frimanslund  
Tore Thorsnes (NAV)  
Eli Rygg (NAV)  
Njøs (NAV)  
Vibeke Johnsen (NAV)

### ***Hovedmoment***

NAV på Leikanger huser blant anna Økonomitenesta. Det er rundt 170 ansatte som arbeider der, og NAV utgjer dermed ein tung og viktig offentlig aktør i kommunen.

Vi får gjennom møtet presentasjon frå Tore Thorsnes som leiar for avdelinga høyre om dei ulike utfordringane og framtidsplanane for drifta. Han fortel blant anna at det er ein konstant trussel om sentralisering av ansvarsområder, noko som vil meføre færre arbeidsplasser i kommunen. Dei har dei siste åra vore flinke med å få tak i nye ansvarsområder som har dukka opp, men framtida er relativt uviss for drifta slik den er i dag.

Dei jobbar i dag med regionale strukturendringar i partnerskapsavtalen med kommunane. Her vert det lagt til rette for enda fleire interkommunale samarbeid for tjenesteytinga. Det store spørsmålet er om det skal være eit NAV-kontor *i kvar*

kommune eller *for kvar* kommune. Uansett peikar Thorsnes på at det er regionen sjølv som må være premisssettar for den regionale utviklinga.

### **Erfaringar**

Det NAV peiker på som flaskehalsar er først for lite samhandling med kommunen i arbeidet med å imøtekome utfordringane knytta til sentralisering av oppgåver. På lik linje med NNU kan ein med fordel involvere politiske aktørar i arbeidet med å halde på arbeidsplassar.

I tillegg nevner dei som fleire andre rekruttering som ein utfordring. Som arbeidslivssenter sit også NAV på mykje informasjon om kvar foten trykker for utviklinga i regionen elles. I denne samanhengen peiker dei på at ein av tre i fylket ikkje er i arbeid. Vi kan ikkje løyse alt med arbeidsinnvandring, men gjere grep for å få ein større del av befolkninga ut eller tilbake i arbeid. Blant anna er det ei stor auke av psykisk sjukdom (depresjon o.l) blant ungdom, og dette utgjer ein utfordring for både arbeids- og næringslivet i regionen og elles. Det vart også nemnd at næringsapparata arbeider i for stor grad med små bedrifter. Avslutningsvis vert det peikt på at vi står framfør ein større omstillingsprosess i og med at ein av tre må ta helsfagleg utdanning i 2035 for å imøtekome utfordringar knytt til eldrebølga.

### **Bedriftsbesøk Sogndal - Vestlandsforskning (VF)**

Dato: 3. oktober 2014

Stad: Vestlandsforskning sine lokaler, Fosshaugane Campus

Deltakarar:

Per-Odd Grevsnes  
Jarle Aarvoll  
Olav Grov  
Per Holen  
Kjetil Kvåle  
Ivar Kvalen  
Haakon Walnum  
Olav Lunden  
Tore Frimanslund  
Carlo Aall (VF)  
Merete Lunde (VF)  
Ivar Petter Grøtte (VF)

### **Hovedmoment**

Vestlandsforskning er rundt 30 ansatte og har hovedkontor på Fosshaugane Campus i Sogndal. Hovedfokus er reiseliv, miljø, endring og nyskaping samt brukarvenlege IT-system. Dei er prosjektfinansierte, der inntektene kjem frå i størst grad kunder og forskningsfond. Omsetninga er på ca. 25 millionar kroner.

Vestlandsforskning er ei viktig brikke i å forstå samfunnet rundt oss i regionen, då mykje av fokuset i arbeidet deira er lokalt. Dei leverer også kunnskap som ligg til grunn for

beslutningar for kommunale planar og satsingsområder i regionen. Eksempelvis gjeld dette bærekraftig reiseliv, nyskapande friluftsliv, marknadskunnskap og trender, natur- og kulturbasert opplevelseturisme og reiselivspolitikk og næringsorganisering.

### **Erfaringar**

Selskapet er avhengige av rekruttering av relevant kompetanse, og i Vestlandsforskning sitt tilfelle der kriteria for formelle utdanning er i øverste sjikt er dette ein utfordring.

Gjennom å bygge større kontaktnettverk og gjere gjeldande utfrodingar og behov rundt i næringslivet kjent, vil Vestlandsforskning kunne i større grad arbeide med dei aktuelle områda og være ein større premissleverandør for utviklinga i framtida. Dette skjer i stor grad i dag gjennom eksisterande prosjektarbeid, men gjennom tettare samarbeid med næringslivet vil ein kunne oppnå endå større samfunnsmessige effektar.

Vestlandsforskning tek også opp eit viktig satsingsområde som ikkje er nemnd andre stader. Auken i bruken av internett ligg i dag på 40% i året, og fleire arbeidsplassar er avhengige av eller baserer seg på dette. Dette gir grunnlag for ulike næringar, blant anna innovative IT-bedrifter og DIFI på Leikanger. I kjølvatnet av dette kjem nye krav til infrastruktur (fiber o.l.). Vestlandsforskning påpeiker at denne infrastrukturen er eit av grunnlaga for at slike næringar skal være konkurransedyktige i framtida.

Eit anna satsingsområde er velferdsteknologi. I løpet av 2030 vil ein av fire måtte arbeide i helsesektoren for å imøtekommе utfrodingar knytt til eldrebølga. I 2014 vil talet være ein av tre. Denne utfrodinga er i stor grad imøtekommе frå blant andre Innovasjon Norge og Forskningsrådet som har løfta fram velferdsteknologi som satsingsområde. Men det kan være interessant å sjå på moglegheiter for å stimulere til auka satsing lokalt med utspring i eksisterande miljø.

### **Bedriftsbesøk Sogndal - Nortura**

Dato: 24.10.14

Stad: Nortura, Granden

Deltakarar:

Per-Odd Grevsnes  
Jarle Aarvoll  
Olav Grov  
Per Holen  
Kjetil Kvåle  
Ivar Kvalen  
Haakon Walnum  
Olav Lunden  
Tore Frimanslund  
Anders Knut Molland (Nortura)

### **Hovudmoment**

Besøket starta med ein omvisning i Nortura sine fabrikklokal. Nortura har i dag ca. 90-100 ansatte, og driv med produksjon av spekemat og pinnekjøtt. Lokaliseringa er sentralt i Sogndal ved fjorden mellom Sjøkanten og elva. Selskapet er eit samvirke eigd av 18.700 egg- og kjøtprodusenter. Det er derfor ei hensikt for Nortura å gi så god pris som mulig til bøndene. Omsetninga i 2013 var på ca. 350 millionar kroner. Nortura produserer merkevarene Gilde.

Nortura har samarbeid med blant anna automasjonslinja i Årdal for å utvikle fabrikklinja. Dei har også initiert eit samarbeid med selskapet nLink som utviklar robotløysingar for å sjå på mulige effektiviseringstiltak.

### **Erfaringar**

I motsetning til andre næringslivsaktørar i Byregionprogrammet er ikkje Nortura like avhengig av samhandling med andre i regionen. Drifta er i stor grad stabil, og utfordringane er ikkje like overhengane som hos fleire andre aktørar. Den største trusselen hos Nortura vil typisk være av makroøkonomisk karakter som kan resultere i ned- eller omlegging av drifta.

Konkurransemessig vart det satt fokus på lavpriskjedene sin vekst i Noreg,. Rema 1000 vart dratt fram som eksempel på *economy of scope* der kjeden også kontrollerer kjøtprodusentar som Norfjord Kjøtt. Desse leverer utelukkande til Rema 1000, og kan ved hjelp av dette oppnå svært konkurransedyktige prisar. For Nortura som er eigd av et stort antall egg- og kjøtprodusentar utgjer dette ein konkurransemessig utfordring at fleire slike aktørar kjem på marknaden.

Andre utfordringar som Nortura har er blant anna råvaretilgang i grunna nedgang i primærnæringa i regionen. Det har vorte vanskeligare å få tak i lokalt kjøt for vidareforedling. I tillegg påpeiker dei at det er vanskelig å få midlar til utvikling av fabrikken. Midlane kjem frå sentralt hold.

Hos Nortura er ikkje rekruttering eit problem.

### **Bedriftsbesøk/referansegruppesamling Luster - NTP**

Dato: 24. oktober 2014

Stad: Gaupne

Deltakarar:

Tore Frimanslund

Per-Odd Grevsnes

Olav Grov

Ivar Kvalen

Halvor Gregusson (Rocketfarm)

Geir-Arne Sandvik (Eurosko)

Oddstein Haugen (Luster Sparebank)

Tom Dyrdal (NTP)

Arnstein Hauståker (Sogn og Fjordane Sparebank)

Kjetil Kvåle

Kjetil Hovland  
Alexander Donaldson

### **Hovudmoment**

NTP si historie strekk seg tilbake 30 år, og fabrikken er i tillegg til å være totalleverandør av etiketter og merkesystem også utviklar av verdsleiande teknologi som vert lisensiert ut til produksjon over heile verda. NTP er ein del av Avery Dennison som har drift i over 60 land i verda, og har i Gaupne 120-130 ansatte.

Vi vart møtt av Tom Dyrdal og Alexander Donaldson som viste oss rundt i fabrikken, og vi avslutta med ein presentasjon av selskapet og deira framtidssplanar. Saman med Avery Dennison sentralt har dei budsjettet med ein god vekst dei neste åra. Dette er positivt for Luster kommune, men gir også nokre utfordringar.

### **Erfaringar**

For å imøtekommе veksten treng dei påfyll av rett kompetanse. Rekruttering vart lagt fram som ein av hovudutfordringane for selskapet. NTP har derimot samarbeida godt med kommunen som er klar over behova. Selskapet treng både fagkompetanse i fabrikken og i leiinga.

NTP har også fått delvis konkurransen i det nyoppstarta Digital Etikett som også er lokalisert på Granden i Gaupne. Denne utfordringa er imøtekommе med samarbeid, og deling av ressursar der dei kan.

### **Bedriftsbesøk/referansegruppesamling Luster - Digital Etikett**

Dato: 24. oktober 2014

Stad: Gaupne

Deltakarar:

Tore Frimanslund  
Per-Odd Grevsnes  
Olav Grov  
Ivar Kvalen  
Halvor Gregusson (Rocketfarm)  
Geir-Arne Sandvik (Eurosko)  
Oddstein Haugen (Luster Sparebank)  
Tom Dyrdal (NTP)  
Arnstein Hauståker (Sogn og Fjordane Sparebank)  
Kjetil Kvåle  
Kjetil Hovland

### **Hovudmoment**

Den nye fabrikken til Digital Etikett åpna 21. mai 2014, og er det nyaste tilskotet på industrifeltet på Granden i Gaupne. Sjølve fabrikken er bygd av Massiv Lust, som også ligg vegg i vegg.

## *Erfaringar*

I Kjetil Hovland sitt fråvær under omvisninga vart diskusjonen lagt til Massiv Lust.

## **Bedriftsbesøk/referansegruppesamling Luster - Massiv Lust**

Dato: 24. oktober 2014

Stad: Gaupne

Deltakarar:

Tore Frimanslund

Per-Odd Grevsnes

Olav Grov

Ivar Kvalen

Halvor Gregusson (Rocketfarm)

Geir-Arne Sandvik (Eurosko)

Oddstein Haugen (Luster Sparebank)

Tom Dyrdal (NTP)

Arnstein Hauståker (Sogn og Fjordane Sparebank)

Kjetil Kvåle

Kjetil Hovland



Foto: Omvisning på Massiv Lust

## **Hovudmoment**

Massiv Lust lagar i hovudsak veggpanel og andre treprodukt av massivt tre. Dette treet vert laminert og pressa under kraftig trykk for å skape eit solid ferdigprodukt. Selskapet leverer alt frå fjøs, skulebygg, hytter til næringshallar. Sistnemnde er fabrikkane til Massiv Lust og Digital Etikett gode eksempel på.

### **Erfaringar**

Då Massiv Lust starta opp var bruken av massivt tre relativt nytt. Ein av hovudutfordringane til selskapet var gjere marknaden merksam på massivt tre som alternativ, og selge det inn. Dette har vore ein krevjande prosess, men selskapet begynner å få opp antall prosjekt. Eit viktig moment har vore å få opp referanseprosjekt, gjerne i lokalmiljøet.

Alex Lien som er dagleg leiar la også vekt på at ein kunne hente ut store effektar ved å auke satsinga på tre i regionen. Det er i følgje Alex eit stort utappa potensiale i regionen. Ein auka satsing på dette vil kunne gi positive effektar også for andre deler av næringslivet og primærnæringa. Motargument mot ei slik satsing er at det er dyrare å hente ut tre frå ulendt terrenget i Sogn enn andre plassar, i tillegg til at trevirket er av lavare kvalitet og dermed pris enn konkurrerande områder. Alex presiserer at det likevel kan være interessant å undersøke om det kan være lønsemnd i det. I så fall vil det være naudsynt med ei større felles satsing i skjæringspunktet mellom næringslivet og kommunane.

Det vart ellers snakka om korleis dei ønska å vidareutvikle Granden som industriområde og legge til rette for nyetableringar. Grandane er unike in regionssamanhang med at det er relativt god tilgang på industriareal.

### **Bedriftsbesøk/referansegruppesamling Luster - Gaupne Hotell**

Dato: 24. oktober 2014

Stad: Gaupne

Deltakarar:

Tore Frimanslund  
Per-Odd Grevsnes  
Olav Grov  
Ivar Kvalen  
Halvor Gregusson (Rocketfarm)  
Geir-Arne Sandvik (Eurosko)  
Oddstein Haugen (Luster Sparebank)  
Tom Dyrdal (NTP)  
Arnstein Hauståker (Sogn og Fjordane Sparebank)  
Kjetil Kvåle  
Kjetil Hovland (Digital Etikett)

### **Hovudmoment**

Etter planen skulle prosjektgruppene berre møtast for lunsj på Gaupne Hotell (Gaupnetunet), men sidan vi fekk eit innblikk i kva utfordringar og behov Gaupne sitt nyoppstarta og einaste hotell har vert besøket kategorisert som eit bedriftsbesøk.

Gaupnetunet er i samdrift med campingplassen og hyttene, og det er Anja Sandvik som har tatt ansvar for hotelldrifta.

## **Erfaringar**

Som så mange reiselivsaktørar i regionen er heilårsdrift også ei utfordring for Gaupnetunet. Dei er avhengige av bedriftsreisande til eksempelvis NTP, LMI, Statkraft og andre næringslivsaktørar. Dei er såleis over snittet avhengige av drifta til andre aktørane i hovudsak bygda men også regionen.

## **Studie- og nettverkstur til Dublin**

Dato: 3. - 7. oktober 2014

Stad:

Web Summit 2014  
Facebook sitt Europakontor, Dublin  
Google sitt Europakontor, Dublin

Deltakarar:

Sogn Næring AS - Per-Odd Grevsnes  
Luster Kommune - Olav Grov  
Digital Etikett - Kjetil Hovland  
Avery Dennison - NTP Tom Dyrdal  
Sognefjorden Næringshage - Bård Huseby  
Rocketfarm - Halvor Albert Gregusson  
Sognefjorden Næringshage - Kristine Grønner Ohnstad  
Avinett - Tor Gunnar Øverli  
Fjordane IT- Serit - Bluefjord Edvin Brun  
Gasta - Vidar Bondevik  
Gasta - Ingar Midtbø  
Gasta - Simon Falkauskas  
Vardahei IT - Bjarte Løland  
Vardahei IT - Asbjørn Dale  
Vestlandsforskning - Guttorm Flatabø  
Innovasjon Norge - Reidun Aasen Nesheim

## **Hovudmoment**

Web Summit i Dublin er ei stor teknologimesse, truleg den største i Europa. Initiativet kom frå Sognefjorden Næringshage og verksemldene som er medlemmer hjå dei. ByR kobla seg på dette. Referansegruppa kom tidleg med utfordringar knytt til nettverksarbeid på tvers av kommunegrensene, dette initiativet passa derfor godt saman med våre planar i ByR.

## Erfaringar

Turen hadde eit tett program, der dagane var sett av til messeaktivitetar og kveldane til besøk hjå Facebook og Google. Samhandlinga mellom deltakarane vart ivareteke gjennom både formelle og uformelle aktivitetar. Fleire idear vart produserte og formelle samarbeid mellom fleire verksemder vart initierte.

Evalueringa av turen var positiv frå alle deltakararne og ein tek siktet på at dette skal bli eit årleg opplegg.

Som med dei andre initiativa i ByR vil vi konkludere med at nettverksbygging og samhandling er etterspurd.

# Sogn Avis



I desse dagar er ei rekke verksemder frå Sogn på verdas største samling for «utviklingsretta bedrifter» i Dublin.

## Får nye impulsar på storsamling i Dublin

I desse dagar er ei rekke verksemder frå Sogn på verdas største samling for «utviklingsretta bedrifter» i Dublin.

## Erfaringar frå ByR-nettverksamlingane

Gjennom prosjektperioden har vi hatt to sentrale nettverkssamlingar med alle dei 32 byregionane. Distriktsenteret arrangerte oppstartskonferanse i mars 2014. Neste samling var i Stjørdal i mai, og siste samling vart arrangert i november på same plass.

Gjennom desse samlingane fekk eigar- og styringsgruppene i Utviklingsprosjektet for LLS ein moglegheit til å samlast rundt bordet og drøfte problemstillingane. Sjølv om fokuset i samfunnsanalysa i stor grad har vore på møter med arbeidslivet og forskningsfunn har det vist seg denne arenaen var fruktbar. Ved å samle ordførarane og næringssjefar er det avdekka fleire felles behov og utfordringar. Dette la grunnlaget for ein positiv atmosfære og eit godt samarbeidsklima.





Foto: Uklipp frå ByR-kafe under nettverkssamling i Stjørdal. Tema materialiserer seg.

## Samanfatning frå nettverkssamlingane

Prosjektadministrasjonen og prosessleiar Haakon Walnum i Kunnskapsparken har sammenfatta erfaringane frå nettverkssamlingane i følgande oversikt.



Illustrasjon: Samanfatning av behov og utfordringar frå eigar- og styringsgruppe på nettverkssamling.

Arbeidet under nettverkssamlingane peikar på følgjande behov:

1. Behov for å samle næringslivet
2. Behov for å vidareutvikle innovasjonskultur ved å drive nettverksbygging utover i regionen. Tettare samarbeid med høgskulen.
3. Behov for ein felles utanrikspolitikk. Felles næringspolitisk strategi.
4. Behov for ei tankesmie bestående av politiske aktørar og næringslivsaktørar.

## **Oppsummering**

Når ein skal oppsummere ser alle bedriftsbesøka, referansegruppessamlingane, studieturen og nettverkssamlingane er det fleire behov og utfordringar som konkretiserer seg som raude tråder:

### **- Behov for auka grad av næringsmessig samhandling**

Jamfør klyngeteori vil deling av impulsar, nettverk, kunnskap og ressursar generere høgare verdiskapingsgrad og lønsemnd hos dei enkelte aktørane. For å oppnå desse klyngeeffektane må ein overkomme ulike hinder, som til dømes geografisk eller nettverksmessige avstandar. I denne arbeidsmarknadsregionen er det geografisk avstand mellom dei ulike næringssentra i Leikanger, Sogndal, Kaupanger og Gaupne. Dette auker terskelen for samarbeid og samhandling på tvers av kommunegrensene.

### **- Behov for auka grad av samhandling med politiske aktørar**

Nokre av næringslivsaktørane i regionen melder også tilbake om at dei har behov for politisk støtte i enkeltsaker som gir utslag i sysselsetting for kommunane. Dette kan være saker der aktørane aleine står i ein mindre gunstig forhandlingsposisjon. Tilbakemeldingar frå møter med referansegruppa påpeiker at blant andre store deler av dei offentlige næringane på Leikanger vart bygd på næringslivsmessig og politisk samarbeid, men at det i seinare tid har vorte mindre aktuelt.

### **- Behov for auka tilgang til innovasjonsmiljø**

Fleire tilbakemeldingar frå bedriftene, medlemmer av referansegruppa og kommunestyre peiker på behovet for å stimulere til nyskaping og nyetableringar og *spin-offs* i næringslivet og i dei statlege organisasjonane. Det er påpeikt at tettare samarbeid, kunnskapsutveksling og nettverksbygging med innovasjonsmiljøet tilknytta Fosshaugane Campus vil være aktuelt.

### **- Behov for bedre rekrutteringskanalar**

Som det vart påpeikt av Terje Bjelde under referansegruppessamlinga i mai 2014 vert det uteksaminert 600 studentar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane kvart år. Samstundes viser forskning at studentar på Vestlandet i større grad enn andre ynskjer å bli værande i bygda/byen eller regionen. Sogndal er ikkje eit unntak her. På andre sida har deler av næringslivet behov for betre rektutteringskanalar. Dette gjeld både fag- og akademisk kompetanse. Vår oppfatning ved prosjektslutt er at det med fordel kan byggjast tettare koplingar mellom studentane og næringslivet.

Desse behova vil verte sett opp i mot dei rammer og vilkår som aktuelt forskningsarbeid legg til grunn. Fellesnevnarane her vil utgjere aktuelle forslag til tema for fase 2.

## **Del III - FoU-rapport**

Denne delen av samfunnsanalysa omhandlar ein samanfatning av relevant forskning for regionen. I denne fasen har vi fått hjelp frå Torbjørn Årethun ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

### **Presentasjon av relevant forskning**

I dette notatet har vi ved å samanfatta konklusjonen i nokre forskingsrapportar som omhandlar folkesetnad og næringsliv i regionen Leikanger, Luster og Sogndal, samt eigne analysar freista å seia noko om dei utfordringane som LLS står framføre når det gjeld blant anna folketals- og næringsutvikling i åra framover.

#### **Folketalsvekst**


LLS har hatt ein folketalsvekst på 8 prosent dei siste 10 åra. Dette er 4 prosentpoeng lægre enn landsgjennomsnittet. Sogndal hadde vekst over landsgjennomsnittet med 14 prosent, medan Luster og Leikanger berre hadde 3 prosent vekst i folketalet i denne perioden.

**Tabell. Folketalsvekst i Leikanger, Luster og Sogndal og i landet. 2004 - 2014**

	Folketal		Endring, absolutt	Endring, prosent
	2004	2014	2004 - 2014	2004 - 2014
LLS	13818	14980	1162	8 %
Landet	4577457	5109056	531599	12 %

Kjelde: SSB

## Folketalsvekst i LLS. 2003 - 2013. Fordelt på ulike komponentar.



Årsakene til at folketalsveksten ligg noko under landsgjennomsnittet, er at regionen har ein netto innanlandsk utflytting<sup>1</sup>. I 10-årsperioden 2003 – 2013 var det 565 fleire som flytta ut frå LLS enn som flytta inn til regionen. Sogndal hadde den største netto innanlandske utflyttinga blant LLS-kommunane med 6 prosent av den gjennomsnittlege befolkninga i perioden 2004- 2013 (434 personar). I Leikanger og Luster var den innanlandske nettoutflyttinga monaleg mindre (2 prosent av befolkninga i begge kommunane).

Utan det innanlandske flytteunderskotet ville folketalet i regionen ha auka med minst 1736 personar<sup>2</sup>, eller 13 prosent i perioden 2003 - 2013. Då ville altså regionen hatt ein større folketalsvekst enn landsgjennomsnittet.

### Kva skal til for å auka tilflyttinga til regionen<sup>3</sup>?

For dei bufaste, er stad og miljø viktigaste bumotiv for innbyggjarane i regionale senterregionar<sup>4</sup>, men det er litt mindre viktig enn for andre regionar. Arbeid er det nest viktigaste bumotivet, og litt meir viktig enn for andre regiontypar. Når det gjeld stad og miljø er det tilhøve ved det sosiale miljøet som betyr mest. Dette gjeld i særleg grad det å ha god kontakt med folk og at det er lett å bli akseptert. På desse to indikatorane for stad og miljø scorar regionale senterregionar like høgt som distriktskommunar.

<sup>1</sup> Inkluderer og flytting mellom dei 3 kommunane. Dette påverkar flyttetala for den einskilde kommunen,

<sup>2</sup> 1736 er summen av fødselsoverskotet og netto innvandringa. Dette er eit minimumsanslag fordi fødselsoverskotet ville vore større dersom færre hadde flytta ut or eller fleire hadde flytta inn til regionen.

<sup>3</sup> Ivar Lie: Flyttemotiver og bostedsvvalg. Presentasjon på Konferanse om regionale sentra si rolle – bu- og flyttemønster og bu- og flyttemotiv. 4. desember 2012.

<sup>4</sup> Regionar med meir enn 5000, men mindre enn 27.000 innbyggjarar.

Reiseavstandar/reisemoglegheiter og tilgang på varer og tenester har mindre innverknad på bumotivet til innbyggjarane i regionale senterregionar enn for innbyggjarane i andre regiontypar.

Når det gjeld flyttemotiv, så er familieforhold det viktigaste tilflyttingsmotivet, etterfølgt av stad og miljø og arbeid. Stad og miljø er eit viktigare tilflyttingsmotiv til regionale senterregionar enn til alle andre regiontypane, unntake byregionar. Arbeid er eit mindre viktig tilflyttingsmotiv til regionale senterregionar enn til alle andre regiontypane, unntake byregionar.

For flytting frå storby- og byregionar til regionale senterregionar er familietilhøve (35% har dette som viktigaste tilflyttingsmotiv) og stad og miljø (28%) dei to viktigaste flyttemotiva. Også bustad (21%) er viktig, medan arbeid (11%) er lite viktig. For flytting frå regionale senterregionar til storby- og byregionar er arbeid og familietilhøve dei to viktigaste flyttemotiva.

Ei undersøking gjennomført av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Vestlandsforsking<sup>5</sup> blant personar som ikkje var busette i Sogn og Fjordane viste at gode karrieremoglegheiter og ein god bustad hadde mest å seia for lysta til å busetja seg i fylket. Jobb til ektefelle eller sambuar var faktor nummer 3.

Faktorarar knytt til omgivnader og miljø; det vil seie natur og klima, tryggleik, fritidstilbod og oppvekstmiljø kjem først på 4.plass. Deretter kjem krav til gode kommunikasjonar, som kan vere knytt til både samferdsle og breiband.

#### *Folketalet etter alder*

**Tabell. Befolkinga fordelt på  
aldersgrupper. Leikanger, Luster og  
Sogndal og landet. 2014. I prosent.**

	LLS	Landet
0 - 17 år	23 %	22 %
18 - 49 år	42 %	44 %
50 - 66 år	21 %	20 %
67 - 79 år	10 %	9 %
80 - 89 år	4 %	3 %
90 år og eldre	1 %	1 %
I alt	100 %	100 %

Aldersfordelinga i befolkninga i LLS er omrent som i landet elles.

---

<sup>5</sup> Innovasjon i Sogn og Fjordane – Vilkår og barrierer. Vestlandsforsking. Rapport nr. 3/2014.

## Forventa folketalsvekst


**Tabell. Folketalsframskriving for Leikanger, Luster og Sogndal og i landet. MMMM-alternativet. 2014 - 2040.**

	2014	2040	Endring absolutt	Endring prosent
	2014	2040	2014 - 2040	2014 - 2040
Leikanger	2268	2731	463	20 %
Luster	5089	5953	864	17 %
Sogndal	7623	10853	3230	42 %
LLS	14980	19537	4557	30 %
Landet	5109056	6323562	1214506	24 %

Kjelde: SSB

Statistisk sentralbyrå (SSB) ventar at LLS vil få ein sterkare folketalsvekst enn landsgjennomsnittet fram mot 2040. Dei ventar at talet på innbyggjarar i dei 3 kommunane samla vil auka med 30 prosent mot 24 prosent på landsplan. Dette skuldast forventningane om sterk folketalsvekst i Sogndal (42 prosent vekst dei neste 26 åra). Folketalsveksten i Leikanger og Luster vil derimot liggja noko under landsgjennomsnittet. Til grunn for denne framskrivinga ligg at SSB forventar om lag den same fødselsrata som i dag, litt lægre dødsratar i eldre aldersgrupper (dvs noko auke i levealderen) og framleis svært høg innvandring, men noko lægre enn i dei siste 6 åra. SSB legg til grunn at dei innanlandske flyttestraumane dei siste 5 åra vil halda fram i prognoseperioden. Folketalsframskrivingane er difor ikkje knytt opp mot forventa utvikling i talet på arbeidsplassar eller eventuelle endringar i næringsstrukturen.

## Forventa aldersfordeling




SSB ventar at det blir monaleg fleire over 80 år i LLS dei neste 25 åra. Utviklinga ligg likevel på landsgjennomsnittet.

Konklusjon: Leikanger, Luster og Sogndal har ikkje store folketalsutfordringar, bortsett frå ei stor nettoutflytting til andre regionar, særleg av personar i 20-åra. Utan (arbeids)innvandring og med uendra nettoutflytting til andre regionar, vil folketalet i LLS gå ned.

## Næringsliv


### Etableringar



I regionen LLS vart det i perioden 2009 – 2013 skipa nye føretak tilsvarande 10 prosent av talet på eksisterande føretak<sup>6</sup>. På landsbasis er det 13 prosent, medan gjennomsnittet i Sogn og Fjordane er 9 prosent. Sogn og Fjordane er fylket med lægst etableringsrate. Rogaland og Hordaland har ei etableringsrate på 13 prosent, medan Møre og Romsdal har 11 prosent.

<sup>6</sup> Etableringar og verksemder i alle næringar, bortsett frå primærnæringane og offentleg forvaltning.


## **Prosentdelen nyetablerte føretak som overlever 5 år. Gjennomsnitt 2001 - 2007.**



I regionen LLS har 41 prosent av føretaka som vart skipa i perioden 2001 – 2007 overlevd minst 5 år. Dette er identisk med fylkesgjennomsnittet, som er det høyeste blant alle fylke i landet. På landsplan var overlevingsrata 10 prosentpoeng lægre.

Regionen har eit næringsliv prega av låg etableringsrate, men lang levetid.

## Næringsstruktur i LLS samanlikna med landsgjennomsnittet. 2014.




LLS har betydeleg fleire sysselsette i offentleg administrasjon (statlege etatar og Fylkeskommunen på Leikanger, i undervisning (VGS og HiSF i Sogndal) og i jordbruket enn landsgjennomsnittet, medan sysselsetjinga innan varehandelen, helse- og sosialtenester samt innan forretningsmessig og teknisk tenesteyting er lægre enn landsgjennomsnittet.


For landet sett under eitt, er det grunn til å vente at det vil bli ein sterk vekst i forretningsmessig og teknisk tenesteyting i åra framover, og det same gjeld innan helse- og omsorgstenester. Offentleg administrasjon og høgare undervisning vil truleg gå gjennom større omstillingar.

Konklusjon: Har ikkje tal for verdiskaping per sysselsett, men næringsstrukturen fortel oss at me er sårbare for endringar i råmevilkåra for undervisning, offentleg administrasjon og landbruk. Me har for lite aktivitet/sysselsetjing i private KIFT-næringar.

## Pendling



LLS har ein balansert arbeidsmarknad og det er om lag like mange arbeidsplassar i regionen som det er sysselsette som bur der.




Det har vore ein kraftig vekst i prosentdelen innvandrarar blant dei sysselsette i Leikanger, Luster og Sogndal. Medan det i 2008 var 3,7 prosent innvandrarar, har dette nesten dobla seg i 2013 (6,6 prosent). I tillegg kjem innvandrarar på korttidsopphald som arbeidar i regionen, noko me ikkje har tal for. Dette viser at LLS, som mange andre regionar, er blitt svært avhengig av utanlandsk arbeidskraft.

#### **Høg utdanning og god gjennomstrøyming på VGS**


Befolkinga i LLS har eit høgare utdanningsnivå enn landsgjennomsnittet. Medan 32 prosent av befolkninga i regionen har utdanning frå høgskule-/universitet, gjeld dette om lag 30 prosent på landsplan. I Leikanger og Sogndal har høvesvis 40 prosent og 35 prosent utdanning frå høgskule-/universitet.

### **Utdanningsnivået i 2014.**



Sogn og Fjordane har den høgste gjennomstrøymingsrata i landet på VGS-allmenn og VGS-Yrkesfag. **NB!** Har Fylkeskommunen gjennomstrøymingstal på VGS etter heimstadkommune?).

## Talet på studentar i prosent av befolkninga 19 - 29 år. Etter bustadfylke ved 16-års alder. 2013.




Sogn og Fjordane er det fylket med flest studentar ved Høgskular/universitet (både i Noreg og i utlandet) i høve til befolkninga i alderen 19 – 29 år som budde i fylket ved 16-års alder. Til tross for relativt lågt utdanningsnivå i befolkninga generelt, så er utdanningsfrekvensen blant ungdommar i Sogn og Fjordane den høgste i landet.

### *Netto utflytting av høgt utdanna arbeidskraft og mangel på kvalifisert arbeidskraft*

Opplysningar om kor mange personar som har flytta minst ein gong til eller frå Sogn og Fjordane i perioden 2004-11, kan illustrere korleis eit distriktsfylke blir tappa for høgt utdanna arbeidskraft gjennom flytteprosessar. I denne perioden fekk fylket tilført i overkant av 3.800 personar med høgare utdanning gjennom innflytting.<sup>7</sup> Samtidig har fylket mista vel 5.700 personar. Dette gir såleis eit underskot på nærmare 2.000 personar. Fylket har også eit flyttetap blant dei utan høgare utdanning, men dette er langt mindre. Sett i forhold til innovasjon i private bedrifter, er det ei utfordring at flyttetapet er høgt blant dei som har utdanningar som den private delen av næringslivet rekrutterer frå. Når det gjeld dei som har dei lengste utdanningane, det vil seie på master- eller doktorgradsnivå, er det relative flyttetapet størst blant dei to gruppene som har økonomisk-administrative fag eller naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. Blant dei som har kortare høgskule- og universitetsutdanningar er flyttetapet lågare.

<sup>7</sup>Kjelde: Statistisk sentralbyrå, registerdata

## Tilgang på kvalifisert personell som innovasjonshemmande faktor



*Figur. Bedrifter som opplever problem med å halde på og rekruttere kvalifisert personell som innovasjonshemmande faktor i prosent av alle bedrifter som seier at dei opplever hemmande faktorar for eigen innovasjonsaktivitet. 2008. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.*  
 Blant bedrifter i Sogn og Fjordane som seier at dei opplever hemmande faktorar for eigen innovasjonsaktivitet, var det 51 prosent som opplevde tilgang på kvalifisert personell som innovasjonshemmande faktor.<sup>8</sup> Det er likevel interessant å merke seg at bedrifter i meir sentrale delar av landet har vel så mange bedrifter som ser tilgangen på kvalifisert personell som ein flaskehals for eigen innovasjon. Dette kan skuldast at etterspurnaden etter denne typen personell er svært stor i urbane strøk, slik at sjølv med tilgang er langt betre enn andre stader, vil behovet vera enda større. I meir rurale område vil det derimot gjerne vere den manglande tilgangen som er flaskehalsen.

*Konklusjon:* Ungdomar frå Sogn og Fjordane tek høgare utdanning som ingen andre, samstundes som det er stor nettoutflytting frå fylket av denne typen arbeidskraft og det er mangel på kvalifisert personell.

### ***Hovudkonklusjonar frå rapporten om eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane<sup>9</sup>***

*Hovudmål:* Skape langsiktig vekst i Sogn og Fjordane og dermed bidra til bevaring av livskraftige og attraktive lokalsamfunn.

*Hovudkonklusjonar:*

5 trendar som påverkar Sogn og Fjordane.

<sup>8</sup>

Kjelde: Kampen om kompetansen. Om innovasjon og rekrutteringsutfordringar i regionalt perspektiv. HiSF og Møreforsk.

<sup>9</sup> Rapportar: «Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane (MENON-analyse). Rapport frå Vestlandsforskning nr. 12/2011 [http://www.sj.no/cmssff/cmsmms.nsf/lupGraphics/Rapport%2012-2011.PDF](http://www.sj.no/cmssff/cmsmms.nsf/lupGraphics/Rapport%2012-2011.PDF/$file/Rapport%2012-2011.PDF)

- Auka urbanisering gjev større utfordringar for distrikta når det gjeld å rekruttera og behalda kunnskapsarbeidrarar.* Trenden vert forsterka av at folk legg auka vekt på krav til buminiljø og karrieremoglegheiter, både for seg sjølve og partnar, i val av bustad.
- Hardare lokaliseringskonkurranse mellom land og regionar.* Tilgang til relevant kompetanse har aukande innverknad på bedrifter sine lokaliseringsval.
- Marknad og konkurranse vert meir internasjonalisert.* Større marknader gjev fleire moglegheiter, men også større konkurranse som krev at ein utviklar strategiske ressursar som gjev konkurransefortrinn og at desse ressursane endrar seg/vert fornya raskt.
- Næringslivet vert meir kunnskapsbasert og konkurransen meir innovasjonsdriven.* Sogn og Fjordane bør difor forsterke satsinga på forskingsdriven innovasjon og oppbygging av formell kompetanse. Kunnskapsbasert næringsutvikling handlar først og fremst om å auka kunnskapsnivået i alle dei eksisterande næringane, ikkje bare om å skapa nye næringar. Må få til tette koplingar mellom verksemder og forskingsmiljø.
- Individualisering og sjølvrealisering.* Sogn og Fjordane bør tilby andre bustadkvalitetar enn storbyane, som naturbaserte aktivitetar og trygge oppvekstvilkår. Individualisert reiselivstrend gjer det naudsynt å spisse og differensiere reiselivsproduktet med aukande vekt på spesialiserte og aktivitetsorienterte reiselivsprodukt. Individualisering av arbeidslivet inneber også større aksept for aukande lønnskilnader og fleire, høgt utdanna som skipar eiga verksemd i konsulentbransjen framfor å vera lønstakarar.

Rapporten legg vekt på at Sogn og Fjordane har tre hovudutfordringar når det gjeld å skapa vekst i folketalet og i næringslivet i åra framover:

*Folketalsutfordringa:* Fylket har låg folketalsvekst, høg gjennomsnittsalder og stor nettoutflytting til andre delar av landet.

*Kompetanseutfordringa:* Sogn og Fjordane er det vestlandsfylket som har lægst utdanning. Fylket har få forskings- og utdanningsinstitusjonar og desse er i liten grad retta mot behova i næringslivet. Næringslivet, på si side, er liten grad kunnskapsbasert og har låg etterspurnad etter slik kunnskap.

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane har lægre utdanning enn landsgjennomsnittet. HiSF og Vestlandsforskning er to sentrale FoU-institusjonar i fylket, men rapporten legg vekt på at dei er for lite nyttige for næringslivet i fylket og at dei i større grad bør levere relevante kandidatar/arbeidskraft til næringslivet. Dei bør også utvikle samarbeidet seg i mellom og saman med næringslivet legge grunnlaget for ein felles vekst i eit kunnskapsbasert samfunn.

*Låg verdiskaping per sysselsett:* Sogn og Fjordane har ein verdiskaping på berre 65 prosent av landsgjennomsnittet. Dette skuldast dels at fylket er overrepresentert i næringar med låg produktivitet og lønsevne, men verdiskapinga per sysselsett er også lågre i mange næringar i fylket samanlikna med tilsvarande næringar i andre delar av landet.

Strategiar for å løysa desse utfordringane:

- **Komponere:** Dei 4 faktorane: Bustadkvalitet, Arbeidsmarknader, Næringsliv og Kunnskapsmiljø bør setjast saman slik at ein ikkje berre oppnår kritisk masse i einskildfaktorar, men at dei forsterkar kvarandre og slik at ein får sjølvforsterkande vekst. Denne strategien er næringsuavhengig, men stiller krav til samordning av politikken, både på lokalt og regionalt nivå.
- **Integrere:** Arbeidsmarknads-, nærings- og kunnskapsregionane må bli større, m.a. ved utbygging av infrastrukturen, slik at ein får til sjølvforsterkande vekst. Dette inkluderer reduksjon av reisetid, effektivisering av samarbeidet over kommunegrensene og betre samarbeid mellom vidaregåande skular og Høgskulen.
- **Spesialisere:** Satsinga bør konsentrerast om eit fåtal næringar der fylket har eit særskilt ressursmessig utgangspunkt for å ta ein leiande nasjonal (og internasjonal) posisjon.
- **Samhandle:** Liten storleik gjer det naudsynt å auka samhandlinga mellom ulike aktørar for å skapa klyngebasert innovasjon og vekst. Dette skal bidra til å finne tiltak som gjer utvalde næringar i stand til å realisere potensialet sitt.

### ***Kva slags næringsliv bør ein satse på i Sogn og Fjordane?***

Rapporten tek føre seg 7 næringar som ein bør satse på i Sogn og Fjordane. Av desse vil truleg 4 næringar vera aktuelle for LLS-regionen:

#### ***Reiselivsbransjen***

Rapporten tilrår at;

- Temabasert nettverksutvikling initiert og finansiert av Innovasjon Norge sitt bedriftsnettverk.
- Destinasjonsselskap og einskildføretak engasjerer seg i utviklingsprosessar i gangsett av NCE Tourism.
- Skipa eitt reisemålsselskap for regionen.
- Næringa, HiSF og Forskingssenter for reiseliv går saman om ei langsiktig satsing på temabasert opplevings- og aktivitetsutvikling der verksemdene står for produktutviklinga, reisemålsselskapet for reisemålsutvikling, forskingssenteret for kunnskapsgrunnlaget og Høgskulen for spesialisert utdanningstilbod.

#### ***Bygg-, anleggs- og eigedomsnæringa***

Rapporten tilrår at;

- Etablera eit nettverksprosjekt.
- Tema kan vera leiing og effektivisering av byggeprosessar frå prosjektering til byggeplass, Lean-prosessar, rekruttering, arbeid mot det lokale og regionale, offentlege aktørar, Bransjen som byggeherre og premissleverandør i høve regulering samt informasjonsarbeid og bruk av IKT.

- Det offentlege må, som oppdragsgjevarar, bli aktive innan leverandørutvikling, slik dei er innan olje- og energisektoren.

### **Fornybar energi og miljø**

Rapporten tilrår at;

- Framleis satsing på utbygging av vasskraft. Etterspurnaden er rein kraft vil auka i åra framover, framfor alt i Europa. Ei utfordring å få på plass naudsynleg infrastruktur og forenkla sakshandsaming og søknadsrutinar.
- Auka satsing på fjordvarme. Teknologien er ferdig utvikla og det er liten risiko knytt til bygging av slike anlegg.
- Satsing på reinseteknologi for oljebransjen. Me tanke på dei store funna dei siste åra og truleg store, komande utbyggingar vil dette auka behovet for å redusera aklimagassutsleppa på nye anlegg.

### **Kunnskapsbaserte tenester**

Rapporten tilrår at;

- Ved utvikling av andre næringar, som reiseliv, bygg, anlegg og eigedom og fornybar energi, skal det også leggast vekt på å utvikle kunnskapsbaserte tenester retta mot desse næringane.
- Gjennomføra ei undersøking av dei profesjonelle tenestene og vurder om det fins mindre næringsgrupper som kan utviklast gjennom fagleg samarbeid.
- Kartlegge korleis ein har klart å skapa eit attraktivt, innoverande og miljø på Campus Fosshaugane ved å vera samlokaliserte.
- Korleis få til eit betre regionalt samarbeid for sams kompetanseheving og utvikling.
- Korleis kan regionen betre leggja til rette for å behalda unge, kreative miljø i fylket?

### **Kommentarar til rapporten**

Rapporten tek utgangspunkt i heile fylket, slik at ikkje alle utfordringane og tilrådingane er relevante for LLS. Når det gjeld folketalet, har LLS ei utfordring knytt til stor nettoutflytting blant ungdom. Når det gjeld kompetanse og utdanning har truleg regionen ei utfordring når det gjeld å tilpassa høgare utdanning til behova for kompetent arbeidskraft i det private næringslivet i regionen og å få til ei betre kopling mellom forsking og næringsliv.

Brutto, skattbar inntekt til hushalda i LLS ligg om lag på nivå med Sogn og Fjordane. Dersom dette gjev eit rett bilet på verdiskapinga, så er verdiskapinga i regionen om lag på linje med verdiskapinga i fylket. Då har regionen og ei utfordring knytt til låg verdiskaping og låg lønsevne i næringslivet.

### *Hovudkonklusjonar frå rapporten: Regional analyse Sogn<sup>10</sup>*

Analysane viser at dei 3 kommunane ligg noko over middels når det gjeld å ha ein sårbar næringsstruktur samanlikna med andre kommunar i landet. På ein 5-nivåskala ligg Leikanger og Luster på det nest høgaste steget – nest mest robuste – medan Sogndal vert rekna som middels sårbar – steg 3. Sårbarheit seier noko om risikoene for å få ein sterk nedgang i sysselsetjinga i regionen/kommunen.

Leikanger har relativ stor sysselsetjing i nokre få verksemder (i privat sektor), medan Sogndal og Luster har ein meir spreidd sysselsetjing i privat næringsliv. Sogndal har godt over middels bransjespesialisering, dvs prosentdelen sysselsette i privat sektor som arbeidar i den største bransjen. Leikanger og Luster hadde ein spesialiseringsgrad langt under landsgjennomsnittet.

Når det gjaldt den tredje faktoren som skildrar sårbarheit – arbeidsmarknadsintegrasjon – så har Leikanger og Sogndal høg grad av integrasjon, dvs mange av dei busette jobbar i ein annan kommune.

NæringsNM er eit mål på korleis næringslivet gjer det med omsyn til lønsemd, vekst i omsetnad og verdiskaping, etableringar og næringslivet sin relative storleik. Sogndal tek ein sterk 4. plass blant alle kommunane i landet og er rangert godt over middels på alle indeksane. Luster kommer på 124. plass. Kommunen hadde Luster hadde god vekst og samstundes over middels lønsemd i næringslivet. Leikanger gjorde det om lag som gjennomsnittet av alle kommunane i landet og kom på 226. plass. Kommunen hadde bra med nyetableringar.

I attraktivitetspyramiden analyserer Telemarksforsking drivkraftene til vekst. Attraktivitetspyramiden forklarar utviklinga i ein region som eit resultat av regionen sin attraktivitet langs tre dimensjonar: Attraktivitet for bedrifter som produserer for ein marknad utanfor regionen (basisnæringer), attraktivitet for besök som påverkar arbeidsplassveksten i besøksnæringane og attraktivitet som bustad.

Sogndal er ein utprega besøkskommune, og regionsenteret er rangert som nummer 17 i landet når det gjeld konsentrasiøn av besøksnæringer. Luster er rangert noko over middels.

Luster er rangert som nummer 133 når det gjeld netto utpendling i prosent av samla sysselsetting. Dette er ikkje spesielt høgt, og ikkje nok til å karakterisera Luster som ein typisk bustadkommune. Luster må karakteriserast som allroundar.

Leikanger manglar alle dei tre attraktivitetsdimensjonane. Dette skuldast at det er lokalisert mange offentlege arbeidsplasser i kommunen. Saman med eit fåtal andre kommunar i landet har Leikanger noko ein kan kalla for ein fjerde attraktivitetsdimensjon – politisk attraktivitet.

---

<sup>10</sup> Regional analyse Sogn. Telemarksforsking. TF-notat nr. 88/2012.  
<http://www.sogn.regionraad.no/getfile.php/2184956.1687.stxuyayqca/Regional+analyse+Sogn+2012.pdf>

Dei 3 kommunane har ulik attraktivetsprofil, noko som truleg er ein styrke. Det betyr likevel at ein må ha ein regional utviklingsstrategi som tek omsyn til dette. Ein strategi vil vera å freista å styrke kommunane der dei er gode frå før.

Konklusjon: LLS-regionen har relativt liten risiko for å få ein sterk nedgang i sysselsetjinga som følgje av ein konjunktur nedgang og har ei lønsemd i næringslivet som ligg over landsgjennomsnittet. Dette står noko i kontrast til konklusjonen frå Menon-rapporten (eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane).

#### **Utfordringar:**

- Stor innanlands nettoutflytting, særleg blant ungdom og personar med høg utdanning
- Utan (arbeids)innvandring, hadde folketalet gått ned dei siste 10 åra. Også i åra framover, vil arbeidsinnvandring bety mykje for folketalsveksten
- For få nyetableringar
- Mange arbeidsplassar i offentleg forvaltning.
- For få KIFT-arbeidsplassar i privat sektor (kunnskapsintensive forretningsmessige tenestyttingar)
- Låg verdiskaping i næringslivet
- For lite innovasjon
- Manglande tilgang på kvalifisert personell i privat næringsliv
- Manglande samsvar mellom innretninga på høgare utdanning i fylket og behova for arbeidskraft i det private næringslivet
- Manglande kopling mellom forsking og næringsliv.

#### **Samandrag av forskningfunn**

Når ein skil ut raude trådar og fellesnemnarar frå forskningssamanstillinga sit vi igjen med følgjande:

- Behov for å halde på jobbane og redusere sårbarheita til eksisterande næringar
- Behov for å legge til rette for nyetableringar. Prioritere kunnskapsintensive tenester framfor basisnæringar.
- Behov for å dyrke innovasjonskultur
- Behov for å auke attraktiviteten i heile regionen, ikkje berre regionsenter
- Behov for auka satsing på fornybar energi som framtidig hovudnæring
- Behov for å sameine og utvikle reiselivssatsinga på tvers av kommunane

Desse behovsvurderingane inngår i resonnementa fra mot tema som vert omhandla i del IV saman med resultata frå møta med næringslivet.



Foto: Tindevegleiar Marit Svarstad held føredrag til kommunalminister Jan Tore Sanner ved besøk i februar 2015.

## **Del IV – Formalisering av tema og SAFe-metode**

Del fire av samfunnsanalysen tar for seg SAFe-metoden for utvalde tema. Desse tema er vurdert ut frå behova som har komme fram gjennom møta med næringslivet, fouserapporten og det interne arbeidet med eigar- og styringsgruppa. Punkt 1 inneholder ein oversikt over relevante tema som er komme fram i prosessen. Punkt 2 er ein kort gjennomgang av SAFe-analysen og punkt 3 er dei tema som vert lagt til grunn i fase 2-søknaden.

### **1. Identifiserte tema**

Gjennom analysearbeidet i del to og tre har vi resonnert oss fram til, og fått innspel på følgjande aktuelle forslag til tema for vidare arbeid:

- Tankesmie for å arbeide med utvikling av offentlige og private arbeidsplassar i Sogn ut frå kommunane sine behov.
- Ein felles næringsstrategisk utenrikspolitikk for regionen som kan innehalde:
  - o Felles næringsstruktur for kommunane som inkluderer Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.
  - o Tettare samarbeid med tanke på førstelinjeteneste.
  - o Vidareutvikling og samankopling av styrkane til kvar kommune (offentlige arbeidsplassar, Campus-miljø, industri).
  - o Nyetableringar og spin-offs i offentlige arbeidsplassar.
  - o Felles strategi for naturbaserte næringar og reiselivssatsinga. (til dømes Fjellsportsenter Sogndal, Breheimsenter, Jostedalen, o.l.).
- Vidareutvikle innovasjonskulturen i regionen. Som det er nevnt over er det ønske om å trekke innovasjonskulturen med utgangspunkt i Campus-miljøet ut i resten av næringslivet.
- Rekruttering. Korleis forbetre eller utvikle tilgangen på kompetanse. Sjå på å forbetre koblingane mellom næringsliv, utdanning og forskning.
- Bustadattraktivitet. Kvifor kjem forskning på attraktivitet og flyttestraumar til kort for Sognregionen? Kvifor går Sogn mot strømmen? Korleis kan vi spele vidare på dei faktorane som står bak denne utviklinga?

### **2. Analyse**

Tema over er formalisert med tanke på og kontrollert opp mot sjekklista i SAFe-metodikken.

#### **Passar temaet? (Suitability)**

- Tema i punkt 1 er baserer seg på innspel frå aktørar i både Leikanger, Luster og Sogndal. Dei representerer ynskjer frå både næringslivsmessig og politisk hold for å benytte seg av dei ressursane som finst i regionen.

### Vil det valte tema verte aksepterte? (Acceptability)

- Tema skal møte forventningar og behov hos både næringslivet og kommunane Leikanger, Luster og Sogndal. Vi har lagt det opp slik at tilstrekkelig eigarskap og forplikting er i interesse for alle deltagande partar. Risikograden skal være minimal, og gevinsten er høgare grad av samhandling og verdiutnytting hos alle deltagande aktørar.
- I tilfelle der ulike kommunar har ulike næringslivsinteresser og satsingsområder vert det lagt opp til at arbeidet i fase 2 skal dekke over alle behov – ikkje ekskludere.
- Tema er beskrive i samråd med innspel frå styrings- og eigargruppa, samt tilbakemeldingar frå eit kommunestyremøte i Leikanger. Vi har derfor lagt opp til at dei ulike aktørane skal ha eigarskap til valga.

### Er det gjennomførbart ? (Feasibility)

- Det er ikkje lagt opp til at arbeid med desse tema skal kreve meir finansiering enn fase 2-midlar frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet og eigne kostnader/eigeninnsats.
- Det er vurdert at alle nødvendige ressursar og kompetanseområder finst i regionen, utfordringa og hovedhensika er å kople og sameine dei.
- Prosjektleiinga kjem med framlegg til vidare organisering og drift av ein eventuell fase 2.

## 3. Valte tema til fase 2-søknad

Tema som vart skissert i punkt 1 tenderer til overlapping. Etter ein forenklingsprosess har vi derfor landa på følgjande tema til fase 2-søknaden. Dette er blitt informert om og forankra i alle tre kommunane.

- 1. Korleis kan kommunane utnytte tilflytningspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for frilutsliv og aktivitetsbasert reiseliv?**
- 2. Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande og leggje til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?**
- 3. Korleis kan vi kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping i kommunane?**

Desse punkta representerer dei fremste flaskehalsane for næringsutvikling i Leikanger, Luster og Sogndal som er lagt fram av det deltagande næringslivet i regionen og dei politiske miljøa.

I søknaden til fase 2 vil vi leggje opp til å arbeide med desse problemstillingane, og avklare og gjennomføre tiltak for å imøtekome utfordringane. Vi viser vidare til ny prosjektplan for fase 2 for meir informasjon.

## **Del V – Vegen vidare**

Denne delen skisserer arbeidet inn mot og gjennom fase 2. Delen tar for seg organisering og finansiering.

### **Organisering**

For søkeren til fase 2 gjer vi framlegg om at Sogn Nærings AS tek prosjektleiinga vidare. Sidan prosjektleiar for fase 1, Tore Frimanslund, skal over i ny jobb etter prosjektavslutning vil vi lyse ut ny stillings som prosjektleiar for *Utviklingsprogrammet for Leikanger, Luster og Sogndal – fase 2*.

Vi legg opp til at fase 2 skal behalde same organisering. Den var i fase 1 basert på PLP-struktur, med ei eigargruppe, styringsgruppe, prosjektadministrasjon, referansegruppe og eventuelt ei faggruppe.

- Eigargruppe: Ordførarar og rådmenn for deltakande kommunar
- Styringsgruppe: Næringssjefar for deltakande kommunar og Kjetil Kvåle frå Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Prosjektadministrasjon: Sogn Nærings AS (ny prosjektleiar)
- Referansegruppe: 3-4 sentrale næringslivs- og samfunnsaktørar frå kvar kommune
- (Faggruppe: Representantar frå til dømes Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning eller liknande som kan tilføre eit forskningsmessig grunnlag for arbeidet)

### **Finansiering**

Rammene for søkeren til fase 2 er på maksimalt 1.000.000 årleg i tre år. Søkeren frå Leikanger, Luster og Sogndal vil budsjettere med dette for å dekke prosjektleiar og andre aktivitetar knytta til nettverksbygging og eventuelt organisering av ein struktur i henhold til valte tema.

Det er i fase 2 venta at prosjektgruppene stiller med eigeninnsats på lik linje som i fase 1. For meir informasjon om dette viser vi til Distriktsenteret sine heimesider<sup>11</sup>.

Viser også her til ny prosjektplan for meir informasjon.

---

<sup>11</sup> [http://distriktscenteret.no/2014/10/08/soknadsfrist-fase-2-byregionprogrammet/](http://distriktsenteret.no/2014/10/08/soknadsfrist-fase-2-byregionprogrammet/)